



FOLK: Artisten Rune Vandaskog er kjent frå elektronikabandet Young Dreams, men på Sletta spelte han amerikansk folk, som om han aldri hadde spelt noko anna.

Strålande sesongopning

RADØY: Søndag var det sesongopning på Vestnorsk utvandringscenter, med strålande solskin, guida turar, utstillingar og ei sjeldan god konsertoppleving.

Av Frode Ones

Etter smakebitane som vart delte ut under sesongopningsfesten å døma, skulle det vera mange gode grunnar til ein tur til Sletta.

Ventar kjendsfolk

Vikarierende avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringscenter, Åshild Sunde Feyling Thorsen, fortalte at det blant anna kjem mange kjende gjestar til Sletta desse sesongen. Ein av desse er Frank Aarebrot, som saman

med vener, skal halda ei rekkje seminar om amerikansk historie. – Desse seminarane begynner i haust, men me har også fleire spennande seminar på lur, avslørte Åshild Sunde Feyling Thorsen.

Spennande festival

Eitt av høgdepunkta er Odd Lovoll, som kjem til Utvandringsfestivalen 4. juli. Lovoll er ein historikar og autoritet på Norsk migrasjonshistorie. I tillegg kjem Eva Røyrane som var borte i USA og spora opp familien sin. Under festivalen blir det som alltid også bankett og mykje anna spennande, fortalte Åshild Sunde Feyling Thorsen.

Elles er det ein alltid må få med seg uansett kor tid ein kjem, dei seks emigranthusa på senteret. I tillegg vil det også i år bli guida vandring med Asbjørn Ystebø til Amerika-gardane på Sletta.

Kystsogeperspektiv

Under Kystsogeveke i august,

får senteret besøk av ein amerikansk fotostudent som i 15 år dokumenterte Vestlandet på 1950-tallet.

– Å få det perspektivet på eigen kultur, blir utruleg spennande, trur Åshild.

«Wanted – daud eller levande»

Den første utstillinga i år, er laga og sendt inn av elevar frå ulike skular i Nordhordland. I haust arrangerte utvandringscenteret ein teiknekonkurranse der 200 elevar bidrog med teikningar til temaet «Wanted – daud eller levande». Her snakkar me etterlysingsplakatar i ekte westernstil.

Kanonkonsert

Som avslutning på dagen hadde Runde Vandaskog, ein artist kjent frå elektronikagruppera Young Dreams, funne vegen saman med ein kassagitar og munnspele. I emigrantkyrkja gav han dei frammmøtte ei utruleg konsertoppleving, med musikk av typen amerikansk folk,

som til dømes songar av Woody Guthrie.

Takka velforeininga

Åshild understreka at verken denne dagen eller ein vidare sesong på utvandringscenteret ville vore mogleg utan innsatsen frå velforeininga.

– Dei er heilt fantastiske og har blant anna måla kyrkja vår, sjølv om me har hatt utfordringar med veret, sa ho.

Migrasjonsutstilling

Den vikarierende avdelingsleiareren ved utvandringscenteret har sjølv laga ei utstilling om migrasjon. Men grunna stor popularitet kjem den neppe til Sletta før i 2015.

– Utstillinga er ei vandretutstilling kalla «Between Coasts», og den brukte eg mykje tid på å produsera. Eg var i New York og Minnesota og intervjuar mange amerikanarar om kvifor ein reiser til eit nytt land, korleis det var å reisa på 1940-tallet og korleis det var i år 2000. Utstillinga, som er basert på intervju

og video, hadde opning i New York i år.

– Ho skal turnera eitt år i USA, så ho kjem nok ikkje til Sletta før i 2015. Det viser at migrasjon er noko folk er interesserte i, seier Åshild engasjert.

Ønskjer nytt bygg

Engasjerte er også dei andre som jobbar ved utvandringscenteret. Dei er nemlig for tida i planleggingsfasen med eit nytt bygg på staden. Åshild er forsiktig optimist med tanke på ei nytt bygg ved senteret.

– Me håpar å få til eit bygg som blant anna er litt betre eigna til formidling, magasin og arrangement. Håpet er jo eit nytt bygg med kontor og utstillingar, men det er eit økonomisk spørsmål, som me jobbar med. Eg trur ikkje eg skal gi nokon dato på det endå, sa ho.



OPNINGA: Vikarierende avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringssenter, Åshild Sunde Feyling Thorsen, fekk æra av å opna sesongen ved senteret på Sletta.



RUTINERT: Mari Karoline Mellingen har vore guide ved utvandringssenteret i tre år, noko to besøkjande frå Bergen merka godt.



UTSTILLING: I fengselet på utvandringssenteret finn ein ei utstilling av innsendte teiknar til temaet «Wanted – daud eller levande», innsendt av elevar i Nordhordland.



KLENODIUM: Mange amerikakoffertar kan ein også sjølvsagt finna om ein tek turen til Vestnorsk utvandringssenter.

KAMPANJETILBUD

Kampanjen varer til 30. mai 2013

Terrassebord
Furu, cuimp Kl.1, 28x120mm

10,90 Pr.lm

Jumbolite Sotet
300 cm

89,- Pr.m²

Norsk Standard. Dette betyr at det er sporbarhet og dokumentert kvalitet på terrassebordene. De er produsert etter norske forskrifter for det norske værharde klimaet. Kvaliteten er jevn og stabil.

Alle varer er i henhold til Norsk Standard.

Nortett® Shingel Skrå Sort

79,- Pr.m²

Metabo Kapp- og gjæringsag KGS 216
m/trekkfunksjon

1390,- Pr.stk

HP Schou Trykksprøyte
5 liter Grouw

99,- Pr.stk

Terrasserens
4 liter

99,- Pr.stk

Skyvestige
7 meter

1190,- Pr.stk

Algefjerner
4 liter

219,- Pr.stk

Kraftvask
1 liter

49,- Pr.stk